

Årsmelding 2017



Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid

ÅRSMØTE THON HOTEL JØLSTER, SKEI 17. MARS 2018

INNHALDSLISTE

Program og sakliste årsmøte	side 3
Styret sine framlegg til vedtak	side 4
Nokre ord frå leiaren	side 7
Årsmelding 2017 frå fylkeslaget	side 8
Rekneskap 2017	side 27
Medlemsutvikling	side 29
Statistikk Internett	side 31
Kontorutstyr og utstyr i fylkeslaget	side 32
Årsplan for 2018	side 33
Budsjett 2018	side 41
Vedtekter	side 42

Vedlegg 1: Plakettvinnarar jaktskyting, LM og FM,
Resultat Sogn og Fjordane Cup og Våpenloftet Cup
Vedlegg 2: Medlemsutvikling lokallaga



PROGRAM ÅRSMØTE

Laurdag 17. mars

- kl. 10.00 Opning av årsmøte
v/ fylkesleiar Alf Erik Røyrvik
- Nytt frå NJFF
v/ Bjarte Erstad, forbundsstyremedlem i NJFF
v/ Knut Erik Risvik, organisasjonssjef i NJFF
- Kl. 11.30 Årsmøtesaker
- Kl 13.00 Lunsj
- Kl. 14.00 Årsmøtesaker fortset
- Ca. kl 15 Nytt frå NJFF Sogn og Fjordane
Barne- og ungdomsprisen, heiderspris, innsatsmedalje
- Ca. 17.00 Avslutning

Beinstrekk med kaffe og te etter behov.

Gjester:

Bjarte Erstad, medlem i forbundsstyret i NJFF og Knut Erik Risvik, organisasjonssjef i NJFF

SAKLISTE ÅRSMØTESAKER

1. Konstituering av møtet
 - Namneoppprop
 - Val av ordstyrar
 - Val av sekretær
 - Val av teljekorps
 - Val av 2 delegatar til å skrive under årsmøteprotokollen
 - Godkjenning av fullmakter
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av sakliste
 - Godkjenning av forretningsorden
2. Årsmeldingar for 2017
3. Revidert rekneskap for 2017
4. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.
5. Andre saker som styret set opp på saklista
6. Styret sitt framlegg til årsplan 2018
7. Fylkeslaget sin kontingentdel 2019, med styret sitt framlegg til vedtak.
8. Styret sitt framlegg til budsjett 2018
9. Val av styre i medhald av § 7.
10. Val av valnemnd
11. Val av 2 revisorar og eitt varamedlem
12. Val av landsmøtedelegatar

STYRET SINE FRAMLEGG TIL VEDTAK

Sak 1. Konstituering av møtet

Godkjenning av fullmakter

Årsmøtet tek stilling til om alle delegatar har fullmakt til å stemme.

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling med førebels program vart utsendt 02.02.2018. I fylgje fylkeslaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, eventuelt vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjend.

Godkjenning av forretningsorden

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, fylkeslagsstyret, fylkesinstruktørar, fylkessekretær og gjester
2. Forslags- og røysterett har alle valde årsmøtedelegatar og fylkeslagsstyret. Dersom fylkeslagsinstruktørar møter som representant for eit lag har dei røysterett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
3. Forslag på vedtak skal leverast møteleiars skriftleg og underteikna, men før strek er sett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppført på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
4. Alle vedtak skal avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal ha loddrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det. Ved endring av vedtektene, krevst 2/3 fleirtal
5. I protokollen skal det førast inn dei som har hatt ordet i saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjend.

Sak 2, Årsmeldingar 2017

Årsmelding s. 8-

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt forslag til årsmelding vert godkjend.

Sak 3, Rekneskap 2017

Rekneskap s. 27.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Rekneskapet vert godkjend.

Sak 4, Innkomne forslag

Det er ikkje kome inn forslag til årsmøtet.

Sak 5, Andre saker som styret har sett opp

Styret har ikkje sett opp andre saker

Sak 6, Årsplan 2018

Styret sitt forslag til årsplan: s. 33

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til årsplan vert godkjend.

Sak 7, medlemskontingent 2019

Fylkeslagskontingenten er kr. 50,- for alle kategoriar med unntak av barne- og ungdomsmedlemskap med og utan tidsskrift som er sett til kr. 15,-.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Årsmøtet gjer vedtak om å ikkje endre fylkeslagskontingenten.

Sak 8, budsjett 2018

Budsjett s. 38

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til budsjett vert godkjend.

Sak 9, Val 2018***Valnemnda sitt framlegg til vedtak:***

<i>Verv</i>	<i>Val</i>	<i>Valnemnda sitt framlegg:</i>
• Leiar	Veljast for 2 år	Attval Alf Erik Røyrvik, Hyen jffl
• Nestleiar /sekretær	Bjarne Huseklepp, Ikkje på val	
• Kasserar	Veljast for 2 år	Attval, Ingunn Loen Sunde, Flora jff

- Ungdomsansvarleg Torger Eimhjellen, ikkje på val
- Kvinnekontakt Veljast for 1 år Attval Wenche J. Henden, Stryn og H.
- Fagansvarleg fisk Tom André Wangensteen, Førde jfl, ikkje på val
- Fagansvarleg vilt Veljast for 2 år Attval Geir Haukaas, Førde jfl
- 1. vara Veljast for 1 år Attval Vidar Moen, Årdal jff
- 2. vara/ Fagansvarleg hund Veljast for 1 år Ny: Maria Sivertstøl, Førde jfl

Sak 10, Val av revisorar

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

- Revisor nr. 1 (ikkje på val), veljast for 2 år Ny: Dag Ståle Leivdal, Eid jfl
- Revisor nr. 2 Veljast for 3 år Attval: Kåre Stokkevåg, Førde jfl
- Revisor vara Ikkje på val, 1 år att Øyvind Hopland, Stryn og H. jspfl

Sak 11, Val av valnemnd

- Valnemnd, leiar Rune Olsbø, Flora jff
- Valnemnd, medlem 3 år att: Morten Jacobsen, Vik jfl
- Valnemnd, medlem Ny: Lasse Nedreberg, Stryn og Hornindal jspfl

Sak 12, Val av landsmøtedelegatar

Sogn og Fjordane har 5 delegatar til landsmøte, og velger 5 vara i prioritert rekkefølge (ikkje personleg vara)

I vedtektene til NJFF Sogn og Fjordane står det at ungdomsansvarleg skal vere blant landsmøtedelegatane. I tillegg har det vore vanleg at kvinnekontakt også er delegat.

Styret foreslår desse som landsmøtedelegatar:

Torger Eimhjellen, Wenche Henden, Geir Haukaas, Vidar Moen.

NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

Då har endå eit år gått, det er årsmøte og det er på tide å ta eit steg tilbake og sjå både litt bakover, litt framover og litt på tida akkurat no.

Vi er inne i ei tid der mykje endrar seg. Då tenkjer eg ikkje på naturen rundt oss som gjev oss gode moglegheiter til jakt, fiske og friluftsliv. Men på andre ting i samfunnet som påverkar oss enten vi vil eller ikkje. Kommunereform, fylkessamanslåing og andre omstillingar endrar heile samfunnet, inkludert Norges Jeger og Fiskerforbund. Dette vil føre til at vi må godta endringar og at vi truleg må endre oss sjølve. Kva det vil bety i praksis veit vi ikkje enno, men dette er noko som organisasjonen jobbar med.

Året vi er inne i no, 2018, er Landsmøteår. Til hausten skal forbundsstyre, administrasjon og delegatar frå fylka samlast og stake ut kursen for NJFF dei komande åra. Det er her organisasjonsdemokratiet skal virke og bestemme kva NJFF skal jobbe med og kven som skal jobbe med det. Dersom lokallaga har saker som dei meiner bør løftast i organisasjonen er tida for å gjere det no.

Innimellom alle slike sjevande tankar om endringar, politikk og strategi, er det veldig kjekt å sjå at vi har ein organisasjon som fungerer. Vi ser at lokallag og utval og instruktørar i fylkeslaget planlegg og gjennomfører arrangement og aktivitetar av høg kvalitet. Her er det mange frivillige som legg ned ein stor innsats og gjer ein veldig viktig jobb!

Likevel ser vi at medlemstalet både her i fylket og i organisasjonen totalt sett går litt ned. Det er ikkje nokon krise og ingen dramatik. Men det seier seg sjølv at det ikkje er heldig om utviklinga held fram slik. Medlemstal heng saman med aktivitet og økonomi, og det kan gå over i ein negativ spiral. Vi bør derfor alle tenke litt på korleis vi kan jobbe for både å behalde alle medlemmane vi har og verve nye. Her fins det nok ikkje noko fasitsvar, men truleg vil gode og regelmessige aktivitetar kombinert med engasjerte og trivelege folk vere gode tiltak.

Til slutt vil eg takk medlemmar og tillitsvalde i NJFF Sogn og Fjordane for ein solid innsats i 2017! Eg ser fram til mykje moro i 2018.

Alf Erik Røyrvik
- fylkesleiar -

ÅRSMELDING FOR 2017

FYLKESLAGET HAR VORE SAMANSETT SLIK:

Leiar	Alf Erik Røyrvik	Hyen jfl
Nestleiar / sekretær	Bjarne Huseklepp	Hyllestad jfl
Kasserar	Ingunn Loen Sunde	Flora jff
Ungdomsansvarleg	Torger Eimhjellen	Hyen jfl
Kvinnekontakt	Wenche Henden	Stryn og Hornindal jspfl
Fagansvarleg Fisk	Tom-André Wangensteen	Førde jfl
Fagansvarleg Vilt	Geir Haukaas	Førde jfl
1. vara	Vidar Moen	Årdal jff
2. vara / Fagansvarleg Hund	Trude Mari Kvamme	Stryn og Hornindal jspfl
Revisor 1	Terje Espe	Eid jfl
Revisor 2	Kåre Stokkevåg	Førde jfl
Revisor, vara	Øyvind Hopland	Stryn og Hornindal jspfl
Valnemnd leiar	Arild Kvernevik	Gloppen jfl
Valnemnd medlem	Rune Olsbø	Flora jff
Valnemnd medlem	Morten Jacobsen	Vik jfl

Tillitsverv som fylkesstyret peikar ut:

FI Ettersøkshund	Rudi Sønnervik	Førde jfl
FI Jakthunddressur	Rudi Sønnervik	Førde jfl
Organisasjonskontakt	Bjarne Huseklepp	Hyllestad jfl
Fiskeveglear	Ragnvald Loven	Sogndal jsfl
Fiskeveglear	Otto Åge Bergstrøm	Flora jff
Trofédommar	Knut Øyvind Marås	Luster jfl
Trofédommar	Vidar Aa. Djupvik	Jølster jff

Ettersøksutval:

Leiar	Ann-Kristin Gaare	Jølster jff
Medlem	Rudi Sønnervik	Førde jfl
Medlem	Bente Skrede	Flora jfl
Medlem	Birger Hogrenning	Stryn og Hornindal jspfl
Medlem	Eivind Antonisen	Fjaler jsfl
Medlem	Trude Mari Kvamme	Stryn og Hornindal jspfl

Fuglehundeutval:

Leiar	Bertil Olsbø	Flora jff
Medlem	Henning Bortne Bøen	Flora jff
Medlem	Terje Hilding	Førde jfl
Medlem	Øyvind Sagmo	Svelgen jfl
Medlem	Jonas Hilding	Førde jfl

Jakthundutval

Leiar	Trude Mari Kvamme	Stryn og Hornindal jspfl
Medlem	Bjørn H Marthinussen	Flora jfl
Medlem	Odd Rune Våge	Leikanger jfl
Medlem	Leif Magne Aarnes	Førde jfl

Jaktskyttarutval:

Leiar	Svein Inge Lundheim	Leikanger jfl
Medlem	Atle Lunde	Jølster jfl
Medlem	Per Gunnestad	Luster jfl
Medlem	Per Tore Taklo/Atle Ødegård	Eid jfl

Jenteutval:

Leiar	Wenche Johanne Henden	Stryn og Hornindal jspfl
Medlem	Elin Karin Aa Hope	Hyen jfl
Medlem	Marit Haram Vannes	Balestrand jfl
Medlem	Randi Alsaker	Stryn og Hornindal jspfl
Medlem	Gry Helene Haukereid	Høyanger jfl

Ungdomsutval

Leiar	Torger Eimhjellen	Hyen jfl
Medlem	August Evensen	Luster jfl
Medlem	Geir Ove Dvergsdal	Jølster jff

Uoffisiell «vaktmeister» Holmevasshytta:

Rune Olsbø, Flora jff

Tilsette:

Fylkessekretær 100 % stilling Reidun Solberg Seim, Sandane

FYLKESLAGET ER REPRESENTERT I DESSE UTVAL/FAGRÅD:

- Rådgjevande utval for Jotunheimen Nasjonalpark, Vidar Moen
- Jotunheimen og Utladalen landskapsvernområde, rådgjevande utval, Vidar Moen
- Styret i FNF Sogn og Fjordane (Forum for Natur og Friluftsliv), Bjarne Huseklepp. Leiar vara.
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane: Fagansvarleg Fisk
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Nordfjord: Arvid Pedersen
- Styringsgruppa for Norsk Villakssenter: Fagansvarleg Fisk
- Kontaktutvalet for rovvilt: Fylkessekretær
- Referansegruppe Møteplass i naturen (4H): Bjarne Huseklepp, fylkessekretær vara
- Prosjektgruppe beredskapsplan mot rømming av oppdrettsfisk; Fagansvarleg Fisk

- Varamedlem i Sogn Villaksråd; Morten Jacobsen
- Referansegruppe for EU's vassdirektiv, fylkessekretær

MEDIEAKTIVITET:

Februar	Jakt og Fiske	Gjengedalsvassdraget, kommentar – Reidun
Mars	Lokalavisene	Trofémåling på viltseminar – Reidun
5. juli	Firdaposten	Drukningssulykker i lakseelvene - Tom
August	Lokalavisene	Skyting og resultat cup'ar- Reidun
11. sept.	NRK Sogn og Fj.	Intervju - Alf Erik
8. okt.	NRK Sogn og Fj.	skadeskyting og ettersøk – Alf Erik
13. okt.	Firdaposten	Uttale dumping av slakteavfall – Alf Erik
25. okt	NRK Sogn og Fj.	Morgonsending, hjortejakt. – Reidun
Desember	Jakt og Fiske	Stor reportasje om hjortejakt for ungdom, Luster. -August
2017	NRK Sogn og Fj.	Trafikkettersøk, førebygging av uhell. – Rudi
2017	NRK Sogn og Fj.	ettersøk av skadd hjortevilt. – Rudi

MØTER OG AKTIVITETAR :**JANUAR**

Veke 1	Gaularfjell	Røkting	Olaf H. , Henning F.
5.	Førde	Planleggingsmøte viltseminar	Reidun
Veke 2	Gaularfjell	Røkting	Svein G.
9.	Skei	Styremøte	
11.	Skype	Ad hoc møte foreningsløftet, FNF/FK	Reidun, Alf, Bjarne
Veke 3	Gaularfjell	Røkting	Bertil
16.	Skei	Foreningsløftet	Reidun, Geir, Bjarne, Alf, Vidar
17-19.	Flå	Fylkessekretærsamling	Reidun
18.	Skei	Møte med fylkeskommunen og FNF	Alf, Bjarne
18.	Tlf.møte	Planlegging artsfiskekurs	Morten
18.	Skei	Oppdateringskurs ettersøksinstruktørar	Rudi, Trude
31.	Tlf møte	Planlegging artsfiskekurs	Morten
Veke 4	Gaularfjell	Røkting	Rune

FEBRUAR

Veke 5	Gaularfjell	Røkting	Rune, Henning F.
Veke 6	Gaularfjell	Røkting	Svein G.
8.	Skype	Planleggingsmøte villmarksleir	Reidun
9.	Breim	Trening- og sosialkveld jakthundar	Trude
10-11.	Flå	Samling Trofedommarar	Vidar, Knut Øyvind
11-12.	Gaularfjell	Vintersamling med klubbmeisterskap	Fuglehundutvalet
Veke 7	Gaularfjell	Røkting	Rune
15.	Tlf. møte	Planlegging artsfiskekurs	Morten
Veke 8	Gaularfjell	Røkting	Bertil
20.	Skei	Styremøte	
23.	Breim	Trening- og sosialkveld jakthundar	Trude
24-26.	Bergsdalen	Villmarksleir saman med Hordaland	Reidun, August, Tor Einar
25.	Leikanger	Revejakt med hund	jakthundutvalet
28.	Stardalen	Årsmøte i Jølster jff	Reidun

MARS

Veke 9	Gaularfjell	Røkting	Olaf H.
Veke 10	Gaularfjell	Røkting	Henning F.
2.	Førde	Årsmøte i FNF	Bjarne, Geir
8.	Oslo	Møte med OVF ang. saka i Sogn og Fj.	Siri Parmann
9.	Breim	Trening- og sosialkveld jakthundar	Trude, Reidun
10-12.	Gaularfjell	Gaularfjellprøven	Bertil, fuglehundutvalet
11.	Skei	Oppdateringskurs jegerprøveinstruktørar	Alf, Reidun, Bjarne
Veke 11	Gaularfjell	Røkting	Rune
15.	Tlf.møte	Jury årets minste hjortebukk	Reidun
17-18.	Førde	Viltseminar	Alf, Reidun, Bjarne, Geir
18.	Førde	Årsmøte i NJFF Sogn og Fjordane	
19.	Førde	Kurs i vaksenopplæring	Alf, Reidun, Bjarne, Geir
20.	Førde	Møte fuglehundutvalet	Fuglehundutvalet
22.	Tlf. møte	Evaluerer villmarksleir	Reidun
23.	Breim	Trening- og sosialkveld jakthundar	Trude, Reidun
24-26.	Gulen	Vidaregåande kurs ettersøk	Trude, Rudi, ettersøksutvalet
29.	Eid	Jegerprøvekurs Eid, innlegg	Reidun
31.	Bergen	Konferanse om sportsfiske	Ragnvald

APRIL

1.	Bergen	Konferanse om sportsfiske	Ragnvald
3-4.	Svanøy	Evaluerer viltseminar	Reidun
6.	Breim	Trening- og sosialkveld jakthundar	Trude
10.	Skei	Styremøte	
10-12.	Gaularfjell	Gaularfjellprøven	Fuglehundutvalet
20-21.	Gardermoen	Fylkesleiar konferanse og RS	Alf
24.	Nesholmen	Planleggingsmøte fylkesleir	Tom, Geir, Reidun

MAI

2.	Osfossen	Planleggingsmøte Camp Villaks	Tom
3.	Førde	Møte i jenteutvalet	Wenche og jenteutvalet
5-7.	Flå	Kurs nye fylkesinstruktørar	Brede Berglund
8.	Tlf.møte	Ettersøksundersøking	Alf, Reidun
10.	Flå	Ansattsamling	Reidun
12-14.	Flå	Samling FI Organisasjonsutvikling	Bjarne
13.	Høyanger	Instruktør kurs skyteledelse rifle	Alf
25.	Naustdal	Aktivitetsdag med Naustdal jfl	Tom
29.	Skei	Styremøte	
30.	Florø	Kasserarmøte	Ingunn, Reidun

JUNI

1.	Nesholmen	Planleggingsmøte fylkesleir	Torger, Reidun
9-11.	Nesholmen	Fylkesleir for ungdom	Alf, Torger, Geir, Reidun
10.	Høyanger	Riflekurs for jenter	Wenche
12-15.	Troms	Samling fylkessekretærar	Reidun
13.	Hyen	Møte med grunneigarane, Ommedalen	Torger
19.	Skei	Styremøte	
27.	Skei	Møte i jakthundutvalet	Trude, jakthundutvalet

JULI

6.	Gaular	Planleggingsmøte Camp Villaks	Tom
13-15.	Gaular	Camp Villaks	Tom, Reidun, Brede

AUGUST

3.	Førde	Landsskyttarstemne, repr NJFF	Reidun
4.	Førde	Landkyttarstemne, repr NJFF	Reidun
6.	Grovastøylen	Finale Sogn og Fjordane Cup	Svein Inge
11.	Gaularfjell	Tilsyn Holmevasshytta	Rune
11-13.	Gaularfjell	Taksering	Rune, fuglehundutvalet m.fl.
12.	Luster	Slaktekurs	August
14.	Skei	Styremøte	
24.	Førde	Planleggingsmøte viltseminar	Alf
24.	Førde	Planleggingsmøte fagdag	Alf, Tom, Rudi
25-27.	Luster	Kurs i sjøaurefiske	August
26-27.	Mo, Førde	Andejakt med hund	Leif Magne
30.	Gardermoen	FS samling	Reidun

SEPTEMBER

2.	Gaularfjell	Tilsyn Holmevasshytta	Rune
6.	Skei	Møte i ettersøksutvalet	Trude, ettersøksutvalet
18.	Skei	Styremøte	
19.	Stryn	Kurs i våpenstell, for jenter	Randi
24-27.	Finnskogen	Opplæringsjakt elg	Randi, Wenche

OKTOBER

16.	Førde	Møte i jenteutvalet	Wenche, jenteutvalet
16.	Skei	Styremøte	
16.	Skei	Møte jaktskyttarutvalet	Svein Inge, jaktsk.utvalet
17.	Førde	Kurs i våpenstell, for jenter	Wenche
17.	Førde	Styremøte i FNF	Alf
20-22.	Jostedalen	Hjortejakt for ungdom	August
21.	Jølster	Småviltjakt i Jølster	Geir Ove
28.	Hyen	Hjortejakt for jenter,	Elin Karin, Alf
30.	Førde	Møte i jakthundtuvalet	Trude, jakthundutvalet
30.	Lærdal	Friskmeldingsarrangement Lærdalselvi	Tom
Veke 42	Gaularfjell	Røkting	Rune

NOVEMBER

15.	Skype	Møte med forbundstyret, JFS	Alf
17-19.	Gardermoen	Fiskesamling	Tom
20.	Skei	Styremøte	
21.	Skype	Planlegging viltseminar	Alf, Reidun
24-25.	Balestrand	Jentesamling	Wenche, jenteutvalet
Veke 45	Gaularfjell	Røkting	Olaf H., Bertil
Veke 46	Gaularfjell	Røkting	Henning F.
Veke 47	Gaularfjell	Røkting	Svein G., Rune
Veke 48	Gaularfjell	Røkting	Olaf H

DESEMBER

1-3.	Flå	FLK, RS, Generalsforsamling JFS	Alf
2.	Luster	Kurs i fellefangst og flåing	August
14.	Førde	Møte med fylkeskommunen	Reidun
Veke 49	Gaularfjell	Røkting	Bertil
Veke 50	Gaularfjell	Røkting	Rune
Veke 51	Gaularfjell	Røkting	Olaf H.

OPPLÆRINGSVERKSEMD – KOMPETANSEHEVING***Vaksenopplæringskurs***

19. mars, Førde. 13 deltakarar. Arrangørar: NJFF Sogn og Fjordane og VOFO (Vaksenopplæringsforbundet). Kursleiarar: Sturla Bjerkaker og Astrid Thoner.

Kurs i sjøaufiske

25-27. oktober, Luster. Ca. 5 deltakarar. Kursleiar: August Evensen.

Riflekurs, for jenter

10. juni, Høyanger. 4 deltakarar.

Stell av våpen, for jenter

19. september, Stryn. 6 deltakarar. Kursleiarar: Birger Hogrenning og Øyvind Hopland.
17. oktober, Førde. 6 deltakarar. Kursleiar: Herman Erdal

Oppdateringskurs ettersøksinstruktørar

18. januar, Skei. 6 deltakarar. Kursleiar: Rudi Sønnervik.

Vidaregåande kurs ettersøk

24.-26. mars, Gulen. 23 deltakarar og instruktørar. Ansvarleg: Ettersøksutvalet.

Viltseminar

17-18. mars, Førde. Ca 150 deltakarar. Arrangørar: NJFF Sogn og Fjordane, Norsk Hjortesenter, Vestskog BA og Sogn og Fjordane Bondelag. Program: Rovdyr, hjorteforvaltning, ettersøk, CWD, småviltpredasjon.

Slaktekurs

13. august, Luster. I samarbeid med Luster jfl. 10 deltakarar. Kursleiar: August Evensen.

Revejakt med hund

25. februar, Leikanger 12 deltakarar. Ansvarleg: Jakthundutvalet ved Odd Rune Våge

Andejakt med hund

26-27. august, Mo i Førde. 4 deltakarar. Kursleiar: Leif Magne Aarnes.

Opplæringsjakt elg, for jenter

24-27. september, Finnskogen. 6 deltakarar. Kursleiar: jenteutvalet ved Randi Alsaker

Opplæringsjakt på hjort for ungdom

20.-22. oktober, Luster. 7 deltakarar. I samarbeid med Luster jfl. Kursleiar: August Evensen.

Opplæringsjakt småvilt

21. oktober, Jølster. I samarbeid med Jølster jff. Kursleiar: Geir Ove Dvergsdal og Brede Seim

Hjortejakt for jenter

28. oktober, Hyen. 10 deltakarar. I samarbeid med Hyen jfl. Kursleiar: Jenteutvalet v Elin Karin Aa Hope.

Kurs i fellefangst og flåing

2. desember, Luster. Ca 8 deltakarar. I samarbeid med Luster jfl. Kursleiar: August Evensen.

REKRUTTERINGSARBEID OG MEDLEMSPLEIE**Heiderspris**

Vert delt ut til ein enkeltperson for eit langt og stort engasjement i eit lokalt jakt- og fiskelag, fylkeslaget eller på landsnivå.

2007: Torger Eimhjellen
 2008: Svein Inge Lundheim
 2009: Bjarne Huseklepp
 2010: Oskar Holme
 2011: Svein Arne Forfod
 2012: Morten Jacobsen
 2013: ikkje utdelt
 2014: ikkje utdelt
 2015: Vidar Moen
 2016: ikkje utdelt
 2017: Rune Olsbø

Barne- og ungdomsprisen

Vert delt ut til eit lokalt jakt- og fiskelag eller enkeltperson i Sogn og Fjordane som har utført eit godt barne- og ungdomsarbeid i laget i året som gjekk.

2001: Sjørgulen jfl
 2002: Stryn og Hornindal jspfl
 2003: Flora jfl
 2004: Leikanger jfl
 2005: Leikanger jfl
 2006: Flora jfl
 2007: Eid jfl
 2008: Stryn og Hornindal jspfl og Askvoll og Holmedal jfl
 2009: Leikanger jfl
 2011: Gloppen jfl, Hyen jfl og Førde jfl
 2012: Leikanger jfl
 2013: Leikanger jfl
 2014: Vik jfl
 2015: Henning Fureli, Hyllestad jfl
 2016: ikkje utdelt

NJFF sin innsatsmedalje

2015: Svein Inge Lundheim, Leikanger

2016: Ove Bjørlo, Eid

Fylkesleir for ungdom 11-15 år

9-11. juni på Nesholmen i Hyen. Arrangører: Førde jfl, Hyen jfl, Gloppen jfl og fylkeslaget.

77 deltakarar, 27 vaksne instruktørar. Aktivitetar: skyting med hagle, rifle, salong, fiske, flugekasting, flugebinding, garnfiske, fiskestell, skytesimulator, fiskesimulator, flåing av mår, fellefangst, kano, bading, aktivitetssti, mat på bål, friluftsliv, telt og lavvo. Ansvarleg: Alf, Geir, Reidun og lokallaga

Villmarksleir for ungdom 15+

24-26. februar, Bergsdalen i Hordaland. Arrangør: NJFF Sogn og Fjordane, NJFF Hordaland. 23 deltakarar, derav halvparten «nye landsmenn». 13 vaksne leiarar, inkludert tolk og personar frå KOA. Aktivitetar: skyting, skitur, isfiske, aking, skiskyting, kråkejakt, hundekøyring, overnatting ute i gapahuk, mat på bål mm. Ansvarleg: Reidun og medarrangørar.

Camp Villaks

13-15. juli, ved Osfossen i Gaular. For ungdomar 14 – 18 år, 15 deltakarar, 11 instruktørar. Overnatting i lavvo, fiske med flugestong og slukstong. Deltakarane får låne alt av utstyr, grunneigarane i Gaula stiller valda sine til disposisjon.

Jentesamling

24-25. november, Balestrand. 6 deltakarar. Jenteaktivitetar i Sogn og Fjordane, engasjement og planar.

Fuglehundar

Treningsterreng Gaularfjellet: Langestølsterreng og Thorsnesstøylterreng. Kort for trening av fuglehund i tidsperioden 15.10 – 31.03 /01.01. – 31.03. Unntak er palme- og påskehelg. Jakt er forbode. Kart og informasjon finn ein på fylkeslaget si heimeside under jakthund.

Vintersamling med klubbmeisterskap 11-12. februar, Gaularfjell. 15 deltakarar. Ansvarleg: Fuglehundutvalet

Gaularfjellprøven: ståande fuglehund, høgfjell vinter 10-12. mars. Totalt ca. 80 startar på 3 dagar. Ansvarleg: Øivind Sagmo og fuglehundutvalet

Jakthundar

5 kveldar med sosialisering og trening for jakthund og eigar. Antal deltakarar: ca 50. Ansvarleg: Fagansvarleg hund Trude M Kvamme og FI Jakthunddressur Rudi Sønnervik.

Jaktskyting

Sogn og Fjordane Cup i jegertrap. Resultat i vedlegg. Våpenloftet cup, jaktfelt. Resultat i vedlegg

Koordinasjon av skytestevner, koordinere jaktskytingens dag: 4 arrangørlag, ca 50 deltakarar.

Vinnarar av FM og LM i vedlegg til årsmeldinga. LM = Landsdelsmeisterskap, FM = Fylkesmeisterskap.

Ansvarleg: Jaktskyttarutvalet

Måling av gevir 2017

Hjort: 44 totalt, herav 4 gull, 24 sølv og 16 bronse

Villrein: 6 totalt, herav 4 gull, 1 sølv, 1 bronse

Utanfor fylket har Knut Øyvind målt 53 norske og 38 utanlandske trofé.

Ansvarleg: Trofédommar Knut Øyvind Marås og Vidar Aa. Djupvik

Medlemsfordeler:

Den største medlemsfordelen har vi som sterk organisasjon med påverknadskraft i saker som omhandlar jakt, fiske og friluftsliv.

I tillegg til dei sentrale og lokale medlemsfordelane har fylkeslaget inngått fordelar hjå:

- Rimeleg overnatting Holmevasshytta
- Rabattar på trykk hjå R-profile i Førde
- 10% rabatt på skyting i simulator hjå Lunde Turiststasjon
- 20% rabatt hjå Bjarne Huseklepp Fiskeskule

PLANARBEID, FORVALTNING OG HØYRINGAR

Vilt og viltforvaltning

- Taksering av rype og storfugl på Gaularfjell. Ansvarleg: Knut Broberg
- Bestandsregistrering av oter. På artsobservasjoner.no

Forvaltningsområde Gaularfjell

Rune Olsbø, Svein Gravdal, Henning Fureli, Bertil Olsbø og Olaf Hafstad har drive aktivt predasjon av smårovvilt i treningsområdet på Gaularfjell, der dei har delt opp fangstperioden i vakter. Same område vert årleg taksert og brukt til treningsområde for fuglehundar.

Rovvilt:

- Største rev-konkurranse. Ansvarleg: Geir Haukaas
- Kontaktutvalet for store rovdyr i Sogn og Fjordane. Ansvarleg: fylkessekretær og fagansvarleg vilt.

Vassdragsaker, akvakultur, villaks, sjøaure

- Deltakar i referansegruppe for EU sitt vassdirektiv
- Deltakar Sogn Villaksråd
- Høyringsuttale til søknad frå Nordfjord Laks om disp. akvakultur (oppdrettsfisk)
- Høyringsuttale Skagen revisjon. Samarbeid Luster jfl, NJFF Sogn og Fjordane og NJFF
- Høyringsuttale, tilleggskommentar Gjengedal kraftverk. Samarbeid NJFF Sogn og Fjordane og NJFF
- Høyringsuttale planendring Bergselvi, Luster. Samarbeid FNF
- Høyringsfråsegn tilleggssøknad kraftline Dalsbotnfjellet- Frøyset. Samarbeid FNF

Fylkeskommunale planar:

- Innspel planprogram for kultur. Samarbeid FNF.

Ettersøk

- Arbeid opp mot ettersøksringane i fylket og fylkeskommunen og andre instansar. Ansvarleg: FI Ettersøk Rudi Sønnervik og ettersøksutvalet
- Arbeid med standardavtale ettersøksjeger – kommune. Ansvarleg: Rudi Sønnervik

Ettersøksundersøking

Ettersøksundersøkinga er formelt ikkje avslutta, rapport er ikkje ferdigstilt.

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)

- Bjarne Huseklepp er med i arbeidsutvalet (AU) for FNF, med leiar som vara.

ORGANISASJON OG INFORMASJON

Styremøter:

Det er halde 10 styremøter og handsama 106 saker.

Årsmøte

18.mars, Førde. Totalt 25 delegatar med røyserett: 20 delegatar frå 10 lokallaga og 5 frå fylkesstyret. I tillegg møtte fylkessekretær, leiar i valnemda, FI Ettersøk, forbundsstyremedlem Gunnar Borgen.

Informasjon

Styret har sendt ut sakliste og referat frå styremøta til lokallaga og fylkesinstruktørar.

Styret har sendt ut på epost til medlemmer og lokallaga «Jeger og Fisker» 7 gonger.

Nettsida til fylkeslaget www.njff.no/sognogfjordane blir brukt til å legge ut informasjon på, samt på facebook. Fylkeslaget har 2 Facebook-kontoar, ei gruppe som heiter NJFF Jenter (Sogn og Fjordane) og ei NJFF Sogn og Fjordane. I tillegg vert facebookgruppa «lokallag i Sogn og Fjordane» brukt.

iNatur

NJFF er medeigar i portalen www.inatur.no der ein kan kjøpe jaktkort, fiskekort og leige hytte. Det finst mellom 3500-4000 tilbod på denne nettsida

Lokallag som hadde tilbod her i 2017: Årdal jff, Gaular jfl, Naustdal jfl og NJFF Sogn og Fjordane.

Samarbeid

Rovvilt – fylkesmannen, grunneigarorganisasjonar i S og Fj.

Vilt – fylkeskommunen, fylkesmannen, skogeigarlaget, bondelaget, Norsk Hjortesenter, FNF

Fisk – fylkesmannen, fylkeskommunen, Sogn Villaksråd, skogeigarlaget, bondelaget, FNF

Ettersøk – Ettersøksringane i S og Fj, fylkeskommunen

Friluftsliv – Friluftsmoro saman med 14 andre lag og organisasjonar, FNF



Foto: Gry Helene Haukereið

ÅRSMELDING FAGANSVARLEG VILT

2017 var det året der skrantesjuka/CWD verkeleg kom i fokus i Sogn og Fjordane.

I Mars 2016 vart det for første gong i Europa påvist skrantesjuka på ein villrein i Nordfjella villreinområde , og i november 2017 starta det vanskelege/omstridte prosjektet med å avlive alle villrein i sone 1 i Nordfjella for å prøve å få bukt med skrantesjuka.

Anbefaler å gå inn på hjorteviltportalen for å lese meir om ein er interessert, der vert det fortløpande lagt ut data ang fellinga.

I 2017 starta vi opp med viltseminar igjen, denne gongen som samarbeidspartnar med Norsk hjortesenter ,Sogn og Fjordane bondelag og Vestskog.

Her tok vi opp ulike tema frå Ulvproblematikken til småviltforvaltning.

Dette vart godt motteke med langt over hundrede deltakarar kvar dag, nytt seminar vert første helga i Mars 2018. Så her er det berre å melde seg på☺.

Vil elles minne om tyngste rev konkurransen som pågår i fylket, her er det berre å melde inn om du er heldig å skyt ein rev. Påmelding via heimesida til NJFF sogn og fjordane.

NJFF Sogn og Fjordane har inngått eit samarbeid med KFUK-KFUM om leige av Holmevasshytta på Gaularfjellet til medlemmar i Sogn og Fjordane jeger og fisk, hytta ligg ute på Inatur så her er det berre å gå inn å lese om ein lurar på noko.

Med venleg helsing

Geir Haukaas

- Fagansvarleg vilt -

ÅRSMELDING FAGANSVARLEG FISK

Camp Villaks i Gaula 13-15 juli

Et vellykket arrangement i samarbeid med Gaular JFL og Gaula Elveeigarlag. Camp Villaks er i utgangspunktet et rekrutteringsprosjekt Norske Lakseelver har sammen med NJFF, der formålet er å gi ungdommer mellom 15-18 år gode fiskeopplevelser gjennom et lavterskeltilbud som omfatter både opplæring og nødvendig fiskeutstyr. Det jobbes med for å kunne gjenta denne suksessen også i 2018.

Fiskeveiledersamling Gardermoen 17-19.nov.

Deltok sammen med fagansvarlige for alle fylka. Svært nyttig og inspirerende å høre hvordan de andre jobber med fisk i sine fylker. Mye gode tips og kontakter.

Fagdag Fisk på Skei 10.feb.

Arrangerte fagdag med temaene Pukkellaks og Gjenutsetting av fisk med foredragsholder Eva B. Thorstad fra NINA. Meget gode foredrag, men dessverre få deltagere. Ble gjennomført parallelt med Fagdag Ettersøk. Ønsker å jobbe videre med dette med tanke på et årlig arrangement.

Medlemsfordeler

Vi har inngått en rabattavtale for våre medlemmer på fiskeutstyr hos Erdal Sport i Førde. Ved fremvisning av gyldig medlemsbevis får vi reduserte priser i fylkets største fiskeavdeling.

Planer fremover

Det planlegges seminar, kurs og fagdag for 2018, det jobbes med å fastsette innhold og dato for disse. Foreløpig er det Camp Villaks (juli) og kurs i vindusfisk i Førde 27.april som er spikret.

Fiskeutvalg

Vi vet at aktivitet og medlemsfordeler er svært viktige faktorer med tanke på å rekruttere nye medlemmer, men ikkje minst i forhold til å beholde de eksisterende. Eg er overbevist om at aktivitetsnivået på fiskesiden bør økes og vil i den forbindelse i løpet av kort tid opprette et fiskeutvalg på fylkesnivå. Formålet med dette utvalget vil være å planlegge og gjennomføre fiskerelaterte aktiviteter i tett samarbeid med lokallaga. Vi bor i et fylke med uendelige muligheter i form av elv, fjord og fjell, forutsetningene er med andre ord absolutt tilstede for at vi skal kunne tilby gode og varierte aktiviteter til våre medlemmer.

Lykke til med fiskeåret 2018



Med venleg helsing
Tom A. Wangenstein
- Fagansvarleg Fisk -

ÅRSMELDING KVINNEKONTAKT OG JENTEUTVALET

Riflekurs i Høyanger i juni der vi hadde med to lokale og erfarne instruktører. Samarbeidde med lokallaget i høve lokaliteter og instruktører. Benytta skytebana i Høyanger. 4 damer deltok. Jenteutvalet søkte midler.

Kvinneramling På Flå: Vi hadde en representant som reiste dit.

Stell av våpen i Førde i oktober med H. Erdal som instruktør. Samarbeidde med Førde biblioteket/ gratis lokaliteter mot at dei fekk markedsføre blant sine tilbod. 6 damer deltok. Godt kurs.

Feltkontrollørkurset som vi samarbeidde med Skogbruk om, på Skei, vart avlyst.

Økonomisk samarbeid med Hyen om jentejakta i Røyrvika/ Hyen. Populært i år og/ 12 stk.



Kvinnesamling i Balestrand i november. Vi var 6 personer. Vi diskuterte en del spørsmål som vi aktivt bør jobbe med komande år. Vi ønsker å ta vare på denne samlinga i fylket- årleg.

Mediebruk, vi er for lite flinke å profilere oss.

Kva er krav til oss i laget ved eit arrangement der ei ulykke skjer?

Vi kan bli betre på å ha faste arrangement på fastsatt tid og over en periode.

Korleis kan jenteutvalet i fylket bidra, rundt om i lag med lite/ ikkje aktivitet?

Eit vald gi ett løyve til ung/kvinne så dei kan jakte.

Profilere organisasjonen gjennom kjøp av/ tilbud om jakker/ fleece evt.

Engasjement i plast og kast i natur fisk o.l. Kenneth Bruvik foredrag.

En person frå jenteutvalet/ eller anna, møte på jegerprøve kurs og profilerer jenteaktiviteter. På

laurdagen hadde vi instruksjon i

flugekasting med 2 dyktige instruktører .

Samarbeidde med Stryn lokallag om Stell av våpen i Stryn. 6 damer var med. Vi hadde to instruktører, ein på hagle og ein på rifle.

Medlemmer dette året:

Randi Alsaker, Gry Haukereid. Elin Karin

Hope, Marit Vannes og Wenche Henden.

Midler søkt inn til jenteutvalet: 5.500. Vi

har hatt to styremøte i tillegg til mail og

facebook.



Med venleg helsing
Wenche Johanne Henden

- Kvinnekontakt -

Årsmelding Fagansvarleg Hund

Både Fuglehund-, Ettersøk- og Jakthundutvalet jobber godt og bidrar til aktivitet i fylket. Noko som er veldig kjekt å sjå, at aktiviteten sakte, men sikkert aukar. Lokallaga kjem også med sine aktivitetar, og nye aktivitetar og kurs tar form. Vi har no alt frå sosialisering-/treningskveldar, jakt, kurs og jaktprøver på aktivitetsplanen.

I år har det vært forskjellige aktivitetar, ettersøksinstruktørane våre har fått oppdatering, Gulen JSPFL og Årdal har køyrt i gang felles sportrening, Klubbemeisterskap fuglehund og Videregående kurs Ettersøk er noko av det som har skjedd. Og det er kjempe flott å sjå at hundeaktiviteten aukar, stå på vidare.

Eg vil også her takke for meg som Fagansvarleg hund, og ønsker nestemann lykke til med vervet.

Med venleg helsing
Trude Mari Kvamme
- Fagansvarleg Hund -

ÅRSMELDING UNGDOMSANSVARLEG / UNGDOMSUTVAL

Underteikna overtok stafettpinnen som ny ungdomsansvarleg i NJFF Sogn og Fj etter Gry Helene ved forrige årsmøte. Med det «overtok» ein og det allereie etablerte ungdomsutvalet bestående av

August Evensen (Luster jfl) og Geir Ove Dvergsdal (Jølster jfl). Ungdomsansvarleg har opna «noko spakt». Ungdomsutvalet har gjennom året hatt kontakt, men få møter. **August og Geir Ove skal ærast for ungdomsaktivitetar dei har arrangert / vore del av i sitt nærmiljø.** Her kan nemnast ulike småviltjakter, fellefangst, hjortejakt mm. Dei har gleda mang ein ungdom! Tusen takk skal de ha!

Sjølv har underteikna delteke på fylkesleir for ungdom 11 – 15 år, Nesholmen/Hyen. Ein fin leir der vi i mange år har gleda både liten og stor:) ! **Tusen takk for den gode dugnadsånda til dykk instruktørane som set av tid for å hjelpe til!** Utan dykk ingen leir..

Ungdomsansvarleg har og gleda ungdom i sitt nærmiljø med allsidig småvilt og storviltjakt, men dette har ikkje vore annonserte arrangement..

Vi veit at mange lokallag har primus motorar innan friluftsansvarleg for born og ungdom. Dette er viktig, og tusen takk til dykk! At det fungerer i nærmiljøet er utruleg viktig for ungdomen!

Ungdomsutvalet hadde eit godt møte i høve «Planleggingssamling på Skei på nye året (2018). Dette møtet gav optimisme for ulike ungdomstiltak i 2018! (sjå aktivitetsfoldar) I høve denne samlinga fekk vi internt innspel på ein ny person i ungdomsutvalet. Brede Seim (Gloppen jfl) vart spurd, og takka ja:) Han og, til liks med Geir Ove og August er ressursperson i høve born og ungdom. So vi ynskjer Brede velkomen i utvalet! Vi føler og har tru på at vi fire kan «få til eit kvart»..

Ungdomsansvarleg har brukt tid på å verte «varm i trøya», men med eit solid ungdomsutval i ryggen har vi tru på at vi og i framtida kan glede born og unge innan jakt, fiske og friluftsliv.

Avslutningsvis vil ungdomsansvarleg på det sterkaste råde årsmøte-delegatane til å stille på som «mentor» i skog og mark og langs elvebreidda! Det er vi som skal vise veg for dei som kjem etter oss! Eit sterkt ungdomsarbeid i NJFF er viktig, men eg tør hevde at eit sterkt jakt-/fiske band i den nære relasjon er minst like viktig for rekrutten som veks opp !

Til øvrige styremedlemmar; takk for samarbeid i det farne år

Med venleg helsing
Torger Eimhjellen
- Ungdomsansvarleg -

ÅRSMELDING FAGLEIAR HUND / JAKTHUNDUTVALET

Også dette året starta med revejakt med hund, denne gangen i Leikanger. Godt oppmøte og revelos, som fleire av jegerane fikk sett, men ingen felling denne gangen. Ein dag med spennande jakt blei avslutta med pølse i brød og juice, som LJFL sponsa med.

Elles brukte vi vintermånadane til å være sosiale og trene lydighet for jakthundar i ridehallen på Fjordhestgarden på Breim. Heile seks kveldar hadde vi der, som eit gratis tilbod til medlemmane våre. Mange flinke og kjekke jakthundar og eigarar er til stades, og synes dette er kjekke og lærerike kveldar.

Bandhund kursa på hjortevilt vart dessverre i år avlyst, grunna for få påmeldte.

Andejakt med hund på Mo, trakk også i år unge jegere. Og det blei jakta både med og utan hund. Kurset gjekk nok best for endene i år, men det blei jakta med fleire hundar i år, og alle var like blide etter endt helg. Kursdeltakarane fikk også mulighet til å fiske under denne helga.

Nok eit år er over, og også i år oppfordar lokalkala til å utdanne egne instruktører innen dressur, ettersøk eller aversjon. Eller bruke dei forskjellige utvala i fylkeslaget, som har med hund å gjer om det er ønskelig i. Vi er her for dykk, og stiller opp så langt det lar seg gjere.

Vi ønsker å jobbe vidare for å skape meir jakthund miljø i NJFF Sogn og Fjordane. Så ikkje nøl med å kontakte oss, om det er noko du eller ditt lokallag tenker på.

Det er ikkje like lett for oss å dekke heile fylke, både på interesse og aktiviteter, så om nokon har ideer om aktiviteter eller kurs, så er det bare å ta kontakt med oss i Jakthundutvalet.

Med venleg helsing
Trude Mari Kvamme
- Fagansvarleg Hund -

ÅRSMELDING JAKTSKYTTARUTVALET

Jaktskyttarutvalet har i 2017 bestått av fire representantar: Atle Lunde (Jølster jfl), Per Tore Taklo (Eid jfl) fram til oktober og erstatta av Atle Ødegård (Eid jfl), Per Gunnestad (Luster jfl), og leiar Svein Inge Lundheim (Leikanger jfl).

Det har vore eit møte i utvalet i 2017, der alle lag var inviterte til å vera med på oppsettinga av terminlista for jaktskyting i 2018 og evaluering av «*jaktskytingens dag*» og *reglane i cupane*.

Skyteaktiviteten har vore som tidlegare år. «*Sogn og Fjordane cup*» i jegertrap er stabil og har med alle 6 laga frå heile fylke. Eid jfl (2), Askvoll jfl (3), Luster jfl (2), Leikanger jfl (1), Årdal jfl (1) og Flora jff (1) arrangerte til saman 10 stk 50skot stemner. Det er sett opp 2 stk vandrepokalar i «*Sogn og Fjordane cup*». «*Serievinnar*» (5 beste stemner i innledande skyting) vart vunnen av Arild Gangdal (Eid jfl) med 240,5tr.

«*Cupvinnar*» (beste skyttar i finalen) vart vunnen av Eirik Leknes (Askvoll jfl) med 25 treff i finalen etter omskyting mot Tor Einar Ødegård Bjørk (Luster jfl). Finalen gjekk i Florø den 6.august. (Meir resultat og premiefordeling i vedlegg.)

I leirduesti/sporting arrangerte Luster jfl FM og Askvoll jfl LM.

I Rifleskyting er det berre skyteaktivitet i Fjordane. I jaktfelt er det størst aktivitet med 4 arrangørlag. Eid jfl arrangerer 3 stemner og Hyen jfl, Jølster jfl og Flora jff ei kvar. Alle stemnene var med i «*Våpenloftet cup*» og beste skyttar i cupen vart Oddbjørn Mulen (Førde jfl) med 424p. etter dei 3 beste stemnene.

(meir resultat og premiefordeling i vedlegg)

I elgskyting arrangere Flora jff FM. I nordisk jaktskyting vart det ikkje arrangert stemne. Som ein ser er det liten skyteaktivitet i elgskyting og nordisk-jaktskyting for tiden. Alle lag som har mulegheiten for å arrangera elgskyting og nordisk-jaktskyting bør arrangera stemner for å få opp att aktiviteten.

Fylkes- og landsdelsmeistrar i 2017: *FM-jegertrap*: Arild Gangdal (Eid jfl).

FM-leirduesti/sporting: Geir Ståle Vie (Førde jfl). *FM-jaktfelt*: Roy Meek (Eid jfl).

FM-elgskyting: Håvard Tonheim (Flora jff). *LM-jegertrap*: Axel Nielsen (Eid jfl).

LM-leirduesti: Tor Einar Ødegård Bjørk (Luster jfl). *LM-nordisk jaktskyting*: Oddbjørn Mulen (Førde jfl)

Oversikt over "plakettvinnarar" i FM – LM som er arrangerte av lag frå Sogn og Fjordane i 2017 i vedlegg.

Også i 2017 fekk jaktskyttarutvalet tildelt midlar frå Fylkeskommunen som skulle brukast til rekruttering i jaktskyting. Utvalet beslutta å vidareføra «*Jaktskytingens dag*». Alle lokallag vart inviterte til å vera med å arrangera «*Jaktskytingens dag*» lokalt med gratis hagle- og rifleskyting kombinert med gratis servering av vafler, kaffi og grilling av pølser. Det var berre Luster jfl, Leikanger jfl, Askvoll jfl og Gaular jfl som var med å arrangera med til saman ca.50 deltakarar.

Innrapportering av stemneresultata har også i 2017 har vore 100%, som er svært bra!. Det er viktig att alle resultata er med, slik att "klasseføringskortet" vert rett. Til slutt vil eg takke alle arrangørane og dei aktive for ein god innsats i året som har gått!

Med venleg helsing
Svein Inge Lundheim
- Leiar Jaktskyttarutvalet -

ÅRSMELDING FUGLEHUNDUTVALET

Fuglehundutvalet – Jonas Hilding, Henning Bøen, Terje Hilding, Øivind Sagmo og Bertil Olsbø. Fuglehundutvalet har også i 2017 hatt eit spennande år, med fleire flotte arrangement. Det meste av aktivitetane til fuglehundutvalet knyt seg til treningsterrenget på Gaularfjellet. Her har vi hausten 2017 fått fornya avtalen med 5 år. Dette tyder på at dei som nyttar seg av treningstilbodet, framtrer på ein god og seriøs måte. Veldig gledelig for oss som driftar treningstilbodet.

Vintersamling og Klubbmesterskap

I Februar heldt vi vintersamling og klubbmeisterskap for ståande fuglehundar på Gaularfjellet. Ei fin samling av fuglehundentusiastar var losjert i hyttene til Arnstein Hoff. Det var stor påmelding til klubbmesterskapet, som vart helde laurdag i eit nydelig vinter veir. Heile to parti var ut i fjellet og kjempe for dei gjeve titlane. Og til slutt vart det kåra to verdige vinnarar, i UK var det **Frankmovangen`s Lina e/f Bjørn Monsen** og i AK **Rømervatnet`s Saari e/f Arvid Holme** Vi retta spesielt ein takk til **Sportsmans Pride** som sponsa fôrpremiar til vinnarane. Og ein stor takk Jan Bjarte Skrøppa og Terje Hilding som var dommarar.

Gaularfjellprøven 2017

Den 10 til 12 mars arrangerte fuglehundutvalet den etterkvart godt etablerte fuglehundprøven på Gaularfjellet. Det var i år som tidlegare år ein suksess, med mykje fugl i terrenget og gode forhold. Sjølv om påmeldinga i år var noko lågare. Prøven har som tidlegare år ein høg premierings prosent grunna at terrenget er godt besatt med fugl. Dette meiner vi har ein klar saman heng med den gode jobbe som blir gjort med fellefangst. Og vi vil gjerne nytte høve til å takke alle som bidrar med den viktige jobben.

Den lokale serveringsstaden Eldalstunet diska opp med ein glimrande komle-middag til svoltne fjellfolk laurdag kveld. Her var det loddtrekning med mange flotte premiar, som lokale bedrifter har sponsa oss med. Fuglehundutvalet er veldig takksame for den gode servicen, og den gode maten som Eldalstunet vartar opp med.

Takk til prøveleiar Øivind Sagmo, som hadde sin deby som prøveleder og utførte det på ein meget tilfredsstillande måte. Og takk til avtroppande utvalsmedlem og prøveleder Robert Veseth som har

gjort ein svært god jobb. Vi vil og takke velvillige dommarar som stiller på år etter år og gjer ein fantastisk jobb. Og sjølvsagt hovudsponsorar **SPORTMANN'S PRIDE**.

Sommarsamling

